



AF Decom AS
Sjøkrigskoleveien 15
5164 LAKSEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1630 - 16/15410

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
08.06.2016

Løyve til riving av lærarbustad - brannøving gbnr 172/38 Hopland

Administrativt vedtak. Saknr: 274/16

Tiltakshavar: Lindås kommune v/Eigedomsavdelinga
Ansvarleg søkjar: AF Decom AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1 jf. § 20-2 bokstav a og § 20-3

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av eksisterande bustad på eigedom gbnr 172/38. Bustaden har tidlegare vore brukt som lærarbustad, med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 157 m² og bygd areal (BYA) ca. 70 m². Bustaden skal sanerast før bygget vert riven ved kontrollert nedbrenning som brannøvingsobjekt. Søknaden omfattar rydding av branntomta.

Det vert elles vist til søknad motteke 18.05.16.

Sakshandsamingsfrist.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 18.05.16 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Seim skule med utbetring av FV 402/id.: 1263-201007 er definert som offentleg-føremål, undervisning.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.04.16. Situasjonsplanen syner plasering av rivingsobjektet.

Tilkomst, avkjørsle og parkering, vatn og avløp (VA)

Ansvarleg søker har erklært at tiltakshavar er ansvarleg for fråkobling av all infrastruktur til bustaden, det vert gjeve skriftleg underretning til ansvarleg søker om fråkobling før rivingarbeida tek til. Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk av avkjørsle eller trong for parkeringsplassar.

Terrenghandsaming

Når bustaden er nedbrent skal ansvarleg søker rydde og sikre tomten, samt levere avfall i godkjent deponi. Tomten vil verte arrondert etter opphaveleg terreng med stedlige og evt. tilkøyrtte masser.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Avfallsplan og miljøsaneringsskildring skal ved dokumenttilsyn leggjast fram for kommunen.

Privatrettslege tilhøve

Det er i brev datert 12.05.16 erkært at det ikkje ligg føre heftelsar på bygget som er søkt riven.

Handsaming etter anna lovverk

Kontrollert nedbrenning av bygget som øvingsobjekt for brannvesenet krev ikkje særskild løyve etter forureiningslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 bokstav e jf. §§ 20-2 bokstav a og 20-3 vert det gjeve løyve riving av lærarbustad gjennom kontrollert nedbrenning.

Kommunen legg gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett til grunn for vedtaket.

Det skal seinast ved søknad om ferdigattest leverast oppdatert gjennomføringsplan der erklæring frå Lindås og Meland brannvesen er påført.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1630

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Kommune

Kvernhusmyrane 20 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

AF Decom AS

Sjøkrigskoleveien 15 5164

LAKSEVÅG